



ORDENSREGLAR gjeldande for Rørstadmarka skule

Oppdatert og vedteke på SU – SAMU møte 15.11.2023

Alle elevar har rett til og plikt til å skape eit trygt og godt skolemiljø. Ordensreglane skal fortelje oss korleis vi skal ha det på skulen, og dei skal forklare kva som skjer om reglane brytast. For at Rørstadmarka skule skal vere ein trygg og god skule rettar vi oss etter desse reglane;

- Vi snakkar høfleg til kvarandre og er hjelpsame og greie mot alle.
- Når vi er innanfor skulen sitt område, gjeld skulen sine ordensreglar.
- Vi møter presis til timane og held god arbeidsro.
- Vi leikar innanfor skulen sitt område og følgjer reglane for dei ulike leikeområda/aktivitetane.
- Om du ser at nokon vert krenka eller mobba må du seie ifrå til ein vaksen eller forsøke å hjelpe den som vert utsett for det.
- Vi tek vare på skulen vår og rører ikkje det andre eig utan lov. Saman held vi orden på Rørstadmarka skule.
- Om du tek med mobiltelefon på skulen, skal den i klasserom med mobilhotell ligge der. I klasserom utan mobilhotell skal mobilen ligge avslått i sekken. Mobilen skal kun brukast etter avtale med skulen. Dette gjeld også smartklokke til barn, med ringe- og meldingsfunksjon.
- Godteri er ikkje tillat utan særskilt avtale med skulen.
- Snus, tobakk eller anna rusmiddel er ikkje tillat på skulen.
- Farlege gjenstandar som kan nyttast til å skade eller krenke andre er ikkje tillat på skulen.

Konsekvensar ved brot på reglane kan føre til:

- Munnleg irettesetting (tilsnakk av ein vaksen).
- Samtale med kontaktlærar, inspektør eller rektor.
- Munnleg melding heim.
- Skriftleg melding heim.
- At tapt undervisningstid blir tatt igjen i friminutt, etter advarsel.
- Utelukking frå ein aktivitet/ ekskursjon/leirskule.
- Bytte av klasse/gruppe både permanent og midlertidig, foreldre/føresette vert informert.
- Gjensitting etter avtale med føresette.
- Gjenstandar som forstyrrar undervisninga vert inndratt og delast ut ved slutten av dagen.
- Gjenstandar som brukast på ein farleg, provoserande eller krenkande måte vert inndratt, og må hentast av føresette.
- Inventar og utstyr som vert øydelagd må erstattast etter gjeldane reglement.
- Ved svært alvorleg brot på reglementet, kan rektor vise bort eleven for resten av dagen(opplæringslova 2-10).

Konsekvensane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglane.

Ordensreglane våre gjeld i skuletida, arrangement i regi av skulen, SFO, leksehjelp og på skulevegen.

Ordensreglementet er gitt med heimel i lov av 9 juni 2017 nr.38, §9A-10, om ordensreglement i grunnskulen.